

Turar frå Stokkadalen

Ta av ved Knapphus og inn på Rv. 46 mot Nedre Vats. Følg vegen 5 km til Kårhuskrysset der du svingar av til høgrefløy og kjører 2,3 km ned til Åmsosen. Like før du kjem ned på kaien ved Hatteland, tek du av til venstre, sjå skilt, og kjører vidare på vegen utover langs Vatsfjorden og så innover mot Stokkadalen.

Til Tordisnuten: Her er 2 utgangspunkt til denne turen:

Turen vil bli rydda og merka våren 2010.

- a. Etter 2,8 km på vegen frå Åmsosen ser du TURSTI- og Parkeringskilt på ein i ein sving ovanfor Olav Tjeltveit. Ta av her – 500 m på denne vegen finn du p-plass hos grunneigar Olav Tjeltveit + info.tavle og skilt til merka sti oppover.
- b. Kjør vidare 1,6 km til det gamle skulehuset i Stokkadalen.(4,4 km frå Åmsosen)
Like ovanfor skulehuset finn du p-plass som Harald Selsås lagar til.
Info.tavle finn du ved skulehuset.

Til Kjort: Kjør 6,3 km på vegen frå Åmsosen. Då kjem du til ein inngjerda parkeringsplass
Hos Halvard Stokkedal med info.tavle og skilting til Kjort.

Tur til Kjort (606 m o. h.)

Start – oppe ved Halvard Stokkedal i Stokkadalen.

Parkering: Ja. – fint inngjerda p-plass hos Halvard Stokkedal.

Lengde: 4 km

Tidsbruk: 1,5 t

Vanskegrad: Blå tur – familietur – litt krevande.

Terreng: Skogsveg til Koltveitskaret med ein del bratte partier. Herifrå og opp er det god og forholdsvis lett sti å gå.

Opplysningar: Frå parkeringsplassen er det skilta veg som går mellom husa til

Halvard Stokkedal. Her går du inn på traktorvegen som slynar seg oppover gjennom blandingsskog til Koltveitskaret.

Langs vegen er det sett opp fleire gjerdeklyvarar og nokre namneskilt som fortell om stader som har namn. (I gamle dagar var svært viktig å ha namn på mange stader i utmarka når ein skulle seia kor ein skulle henta dyr m.m.)

Frå Koltveitskaret er det sett opp merkepinnar langs stien til toppen.

Oppe på Kjort, 606 m o. h., er det flott utsikt over store deler av Haugalandet.

Fottøy: Helst fjellsko.

God tur.

Tur til Tordisnuten i Nedre Vats.

Det er 2 utgangspunkt til Tordisnuten:

A. Frå Tjeltveit:

Start: Kjør 3 km frå Åmsosen mot Stokkadalen til skogsveg på høgre sida på bakketopp like **ovanfor vegen til Olav Tjeltveit.** Sjå Tursti- og Parkeringsskilt som står attmed vegen.

Parkering: Ja – god parkeringsplass hos grunneigar Olav Tjeltveit.

Lengde: 2 km

Tidsbruk: 1 t.

Vanskegrad: Blå tur – men har nokre bratte parti enkelte stader.

Terreng: God skogsveg eit stykke oppover og så inn på fin sti til venstre som slynger seg oppover gjennom bjørkeskog og litt blanda vegetasjon.

Opplysningar: Stien blir godt rydda og merka og det blir sett opp skilt.

På vegen oppover er det god utsikt over store deler av Nedre Vats og innover Stokkadalen. Når du kjem til varden, ser du ein turkasse med bok i som speiderane har festa på varden. Skriv deg inn i boka og bli med i Nutafantkonkurransen.

Her kan du ta valget om du vil gå nedatt same vegen til Tjeltveit eller at du vil fortsetja og gå ned til det gamle skulehuset i Stokkadalen.

Vegen dit vil også bli merka og skilta skilta våren 2010.

Når du er komen ned til det gamle skulehuset, må du gå 1,5 km på bilvegen ned til parkeringsplassen ved Tjeltveit der du sette bilen frå deg. Fin rundtur.

Skotøy: Fjellsko.

B. Frå det gamle skulehuset i Stokkadalen:

Start: Kjør 4,5 km frå Åmsosen til du kjem til det **gamle skulehuset i Stokkadalen.**

Parkering: Ja – like ovanfor skulehuset skal grunneigar Harald Selsås laga ein parkeringsplass.

Avstand: 2,5 km

Tidsbruk: 1,5 t

Vanskegrad: Blå/raud tur – nokre bratte parti på skogsvegen.

Terreng: Du går på ein skogsveg som slynger seg oppover i lia i blandingsskog før du tar av og går vidare på ein rydda og merka sti i lett terreng gjennom brakar, buskar og tre opp til sjølve nuten.

Opplysningar: Skogsvegen er god å følgja oppover. Der du tek av frå skogsvegen, er det merka med skilt til Tordisnuten. Ved dette vegskiljet står også eit skilt som viser **vegen/stien vidare til Nising.**

På Tordisnuten er det fin utsikt. Her har speiderane sett opp ein turkasse med turbok i. Skriv deg inn i boka og bli med på Nutafantkonkurransen.

Når du har slappa av og ete nista di, må du ta valget om du vil gå nedatt same vegen til det gamle skulehuset der du starta, eller gå ned til Tjeltveit og koma ned til bilvegen der. Vegen ned til Tjeltveit er merka og skilta.

Dersom du har bilen ståande oppe ved det gamle skulehuset, må du gå 1,5 km langs bilvegen opp til parkeringsplassen.

Frå Tordisnuten kan du også gå vidare til Gaupefjell om du vil.

Skotøy: Fjellsko